

**MELAND KOMMUNE**

Komm.avd. for natur - næring og tekniske tenester

Prosjektstyring Vest AS  
Postboks 66

5318 STRUSSHAMN

Dykkar ref.  
Vår ref.

Ole Christian Børtveit

Journalp.ID 12/15589  
ArkivsakID 2012002139  
Arkiv nr. GBNR-22/232, N-511

Dato 20.12.2012

**GODKJENNING- ETABLERING AV OLJEUTSKILJAR, VASKEPLASS OG  
OVERVASSKUM I MJÅTVEITMARKA NÆRINGSPARK, GNR 22 BNR 232.**

Saka er behandla etter delegert mynde frå kommunestyret.

Styre, komite, utval	Møtedato	Sbh.	Saknr
Delegasjonsvedtak Komm.avd. for natur, næring, tekn.tenester	20.12.2012	OCB	484/12

## Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	05.11.2012	Prosjektstyring Vest AS	SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK - ETABLERING AV OLJEUTSKILJAR, VASKEPLASS OG OVERVASSKUM I MJÅTVEITMARKA NÆRINGSPARK, GNR 22 BNR 232.
2	U	05.11.2012	Prosjektstyring Vest AS	FØREBELS SVAR PÅ SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK PÅ GNR 22 BNR 232.
3	I	18.11.2012	Prosjektstyring Vest AS	VS: MJÅTVEIT NÆRINGSPARK AS - TEIKNING PORT OG GJERDE.
4	U	20.12.2012	Prosjektstyring Vest AS	GODKJENNING- ETABLERING AV OLJEUTSKILJAR, VASKEPLASS OG OVERVASSKUM I MJÅTVEITMARKA NÆRINGSPARK, GNR 22 BNR 232.

Eigedom: 22 / 232 / /

Byggjeplass: Mjåtveit Næringsplass

Adresse  
Postboks 79  
5906 Frekhaug  
Besøksadr. Havnevegen 41 A  
postmottak@meland.kommune.noTelefon:  
56 17 10 00Telefaks:  
56 17 10 01  
avd. 56 17 11 61Bankkonto:  
1503.18.83722Heimeside:  
www.meland.kommune.no  
Kartinformasjon:  
www.nordhordlandskart.no

**Tiltakshavar:** Borlaug og Brosvik Transport AS  
**Ansvarleg søkjar:** Prosjektstyring Vest AS  
**Planstatus:** Reguleringsplan for næringsområde Mjåtveit – Dalstø.  
**Tekniske anlegg:** Oljefråskiljar  
**Søknad om:** Løyve i eitt trinn

#### **Saksutgreiing:**

Det vert vist til søknad etter Plan- og bygningslova § 20-1 stempla motteke 05.11.2012 i Meland kommune, og supplert 22.11.2012. Søknaden gjeld bygging av vaskeplass med oljefråskiljar, gjerde og port og lysmaster på gnr. 22 bnr. 232 på Mjåtveit.

#### **Vurdering:**

##### Planstatus:

Eigedomen er i reguleringsplan for næringsområde Mjåtveit- Dalstø regulert til område for kombinerte føremål "Forretning/Kontor/Industri" Tiltaket er i tråd med føremålet.

Det er lagt ut framlegg til detaljplan for offentlig ettersyn. Tomta er i framlegget sett av til område for Næring/industri/lager. Tiltaket er i tråd med framlegget til detaljplan.

I høve reguleringsplanen skal " Inngjerding av tomtene skal godkjennast av kommunen ved søknad om løyve til tiltak. Kommunen skal godkjenne plassering, høgd materiale og farge på gjerdene."

##### Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 02.11.2012. Nabo samtykker i tiltaket. Det er ikkje naudsynt å gjennomføre ytterlegare varsling i saka. Nabovarsling vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

##### Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket må plasserast som vist på situasjonskart stempla motteke 05.11.2012. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

##### Utsjånad.

Tiltaket gjeld ope industrigjerde i 2m høgd med piggtråd, og tiltak i bakken for vaskeområdet. Tiltaket har forsvarleg utsjånad og er i samsvar med Pbl § 29-1.

##### Forureiningsforskrifta

Det er søkt om etablering av oljeutskiljar type SUK-H, godkjent etter NS-EN-858-1 "class 1".

For utslipp av oljeholdig avløpsvann gjelder forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) kapittel 15 § 15-5. Kommunen har ikkje utvikla eiga forskrift om oljeholdig avløpsvatn, og krav vert sett i henhold til forureiningsforskrift.

Oljeutskiljar skal tilfredsstillere reinsekrav frå SFT, max 50mg/l i reell drift. Verksemda skal ha dokumentasjon som viser korleis grenseverdiane vert overhalde

Den ansvarlige for oljeutskiljaren pliktar å gjennomføra representative målingar for å dokumentere kvaliteten av påslepp til avløpsnett. Det skal tas ut minimum to representative prøver pr. år, frå inspeksjons-/kontrollkummen. Prøvetaking og konservering av prøver skal utføres i samsvar med gjeldande standardar og forureiningsforskrifta sine krav.

Kommunen har rett til å inspisere verksemda til ei kvar tid, og kan kreva å få lagt frem og få granska dokumentasjon på drift og kvalitetsdokumentasjon.

Virksomheten plikter å gjennomføre forebyggende tiltak for å unngå, eventuelt begrense, risikoen for akutte påslipp til så vel spillvannsnett som overvannsnett.

## VEDTAK

”Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-1 løyve til bygging av vaskeplass med oljeutskiljar og gjerde med port på gnr. 22 bnr. 232 i samsvar med søknad stempla motteke 05.11.2012.

Meland kommune gjev i medhald av Forskrift om begrensning av forurensning § 15-5, løyve til utslepp av oljehaldig avløpsvatn i samsvar med søknad om løyve til etablering av oljefråskiljar motteke 05.11.2012.

Oljeinnholdet ved utslippet av oljeholdig avløpsvann skal ikke overstige 50 mg/l. Den fastsatte grenseverdien må overholdes under normale driftsforhold. Virksomheten skal ha dokumentasjon som viser hvordan grenseverdiene overholdes.

Nødvendig sikkerhet mot akuttutslipp skal ivaretas.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar stempla motteke 05.11.2012 og 22.11.2012.

Plassering som vist på kart stempla motteke og med følgjande toleransekrav:  
I horisontalt plan + - 50 cm. I vertikalt plan + - 20 cm.

Godkjenning av ansvarsrettar:

Føretak	Godkjenningsområde
Prosjektstyring Vest AS Organisasjonsnummer 990 353 913 Sentral godkjenning	Søk tkl 1 Ansvarlig søkjar
COWI AS Organisasjonsnummer 979 364 857 Sentral godkjenning	PRO tkl 2 Ansvarlig prosjekterande for vegar og grunnarbeide
Vassbakk & Stol AS Organisasjonsnummer 927 048 841 Sentral godkjenning	PRO tkl 2 Ansvarlig utførande grunnarbeide, interne VA og El-grøfter oppbygging fall grusing og asfalt

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så framt det ikkje er gjeve unntak.

Gebyr for sakshandsaming følger vedlagt.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.”

*Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.*

Kommunalavdeling for natur, næring og tekniske tenester

  
Anny Bastesen  
kommunalsjef

  
Ole Christian Børtveit  
Byggjesakskonsulent

**Kopi til:**

Borlaug og Brosvik Transport AS